

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 4. mai 2022 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Ressel.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.35
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Ressel (BBL), Eivind Hetland (Krf), Anne Tone Salte Andersen (H) og Knut Severin Berge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Øyvind Oland (H)
FORFALL:	Olaug Mari Øen (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Statsaut. revisor Tore Kristensen Forvaltningsrevisor Therese Kristiansen hadde eit «minikurs» om eigarskapskontroll etter møtet
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen Økonomisjef Vegard Bang i sak 12-13
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) Dagleg leiar Britt Helen Aasbø frå Krisesenter Vest IKS i sak 11
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Leiar meinte sak 14/22 kunne handsamast saman med sak 12/22. Utvalet stetta han i det.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 09/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.01.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.01.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Utvalsleiar var nøgd med at utvalet sine saksdokument no blei tatt inn i politikarportalen på kommunen si nettside. Han meine sakene burde vera delt opp enkeltvis, slik som for dei andre utvala.

Det vil då bli lettare for innbyggjarar og andre å finne den enkelte sak dei ønskjer å sjå nærare på, meinte han. Utvalet stetta leiar sitt framlegg om å be sekretariatet ta kontakt med administrasjonen for å få dette på plass.

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.01.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Vindafjord kontrollutval ber sekretariatet ta kontakt med administrasjonen for å be dei om å leggje ut utvalet sine saker enkeltvis i politikarportalen på kommunen si nettside.

SAK 10/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.05.22

13. Statusrapport pr. mai 2022
14. E-post frå Erling Halleraker og Stig Hetland vedk. svar frå Statsforvaltaren - ber om stopp i feil bruk av regulert areal ved Vikedal båthavn.
15. Grunngitte spørsmål og interpellasjonar – Vindafjord kommunestyret 22.03.22, sak 12/22
16. Økonomirapport for kontroll og tilsyn pr. mai 2022
17. KST-vedtak 15.02.22, sak 05/22 – forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken»
18. KST-vedtak 15.02.22, sak 06/22 – Kontrollutvalet si årsmelding 2022
19. Oppdatert prosjektmandat «Digitalisering og IKT» frå RR 20.04.22
20. Representantskapsmøte 20.04.22 – IKA Rogaland IKS
21. Representantskapsmøte 22.04.22 – Haugaland brann og redning IKS
22. Representantskapsmøte 25.04.22 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
23. Representantskapsmøte 29.04.22 – Haugaland Vekst IKS
24. Generalforsamling 29.04.22 – Haugaland Kraft AS
25. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 8. – 9. juni på Lily Country Club Hotel, Kløfta – nestleiar er påmeldt.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet stetta hans ønskje om å ta opp att pkt. 14, 15 og 19 i samanheng med ei løypemelding frå forvaltningsrevisor i neste møte.

Kommunedirektøren orienterte kort om praksis for journalføring og postlister. Administrasjonen nyttar egne arkivnøklar for alle kommunale eigedomar. Arkivnøklane skil mellom kommunen som eigedomseigar og som forvaltar. Arkivnøklane avgjer kva som kjem på kommunen si postliste. Det kan til tider vera vanskeleg å vite om det gjeld kommunen som forvaltar eller eigedomseigar. Administrasjonen har starta arbeidet med ein gjennomgang av tidlegare korrespondanse og vil ha fokus på å få til ein betre praksis på dette området.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22:

Referatsaker 13 – 25 blir tatt til orientering.

SAK 11/22 KRISESENTER VEST IKS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå Kriresenter Vest IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Dagleg leiar Britt Helen Aasbø orienterte om selskapet, og ho viste ein presentasjon. Senteret drives etter krisesenterloven frå 2010, og vert eigd av 16 kommunar. Dei har to avdelingar (Stord og Haugesund), og gir eit tilbod til ca. 180 000 innbyggjarar. Budsjettet er på ca. 11,2 mill. kroner, som dei får i driftstilskot frå eigarkommunane.

Selskapet har 13 årsverk. Senteret er døgnope, og skal gi eit lågterskeltilbod til innbyggjarane. Dei gir eit midlertidig butilbod i trygge omgivnader. Senteret er kommunane sitt kompetanse- og rådgjevingssenter. Det er mange som nyttar seg av telefonrådgjeving. Senteret har også eit tilbod til menn.

Dei bygg senteret i dag nyttar, er ikkje særleg godt eigna til føremålet. Selskapet har planar om å få til ei samlokalisering i eit nytt bygg. Kommunestyra i eigarkommunane har nyleg handsama sak om eit framtidig bygg.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna tal på brukerar frå Vindafjord, skilnad på tal brukerar med lang eller kort reiseveg, om innbyggjarane er kjende med tilbodet, prosessen om nytt bygg og kompetanse hos personalet.

Utvalsleiar takka for ei interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå dagleg leiar Britt Helen Aasbø om Kriresenter Vest IKS til orientering.

SAK 12/22 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Leiar innleia. Han meinte det var viktig at utvalet ikkje blei politiske i sine vurderingar og i uttalen. Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte om revisjonen sitt arbeid og gjorde greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsmeldinga hadde positive konklusjonar på alle punkt. Revisor hadde nokre framlegg til forbetringpunkter, som økonomisjefen hadde merka seg.

Kommunedirektør, økonomisjef og revisor svarta på spørsmål om mellom anna manglande politiattestar frå tilsette, meirverdiavgift på matombringning og på nye omsorgsbustadar.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga på forvaltningsrevisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» som var tatt inn som vedlegg 2 i årsmeldinga.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22 og innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre.

Vindafjord kommune har i 2021 eit positivt netto driftsresultat med 42,6 mill. kr, som utgjer 5,0 % av driftsinntektene. Resultatet i 2021 ligg over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2021, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 totalt sett gjer eit korrekt uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2021 og for kommunen sin økonomi pr. 31.12.21.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsmelding og årsrekneskap for i 2021 Vindafjord kommune.

SAK 13/22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2021 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sin merknad innan 20.08.22.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte om kontrollen av anskaffingsregelverket som revisjonen hadde utført. I stikkprøvekontrollen var det avvik i 5 av 13 anskaffingar, som utgjer 38,5%. Revisjonen hadde difor gitt ein negativ konklusjon på uttalen.

Revisor meinte at dei feil og manglar som var avdekka indikerer at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutinar på dette området.

Økonomisjefen gjorde greie for dei ulike avvika. Utvalet stetta framlegget om å få ei tilbakemelding frå kommunedirektøren i septembermøtet, om korleis administrasjonen har følgt opp revisor sine merknader.

Utvalet stetta leiar sitt framlegg om å sende saka som ei orienteringssak til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22 og til orientering for kommunestyret:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sin merknad innan 20.08.22.

Vindafjord kontrollutval sender sak 13/22 «Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2021 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga» til kommunestyret til orientering.

**SAK 14/22 2. GONGS OPPFØLGING AV FORVALTNINGS-
REVISJONSRAPPORT – «ØKONOMISTYRING INNAN
HELSE OG OMSORG»**

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 04.05.22:

Leiar fremma at saka skulle handsamast saman med sak 12/22. Utvalet stetta leiaren sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 04.05.22:

Saka blei handsama saman med sak 12/22.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Forvaltningsrevisor Therese Kristiansen deltok på Teams og hadde eit «minikurs» om eigarskapskontroll i etterkant av møtet, kl. 16.45 – 17.20.

Neste møte: onsdag 01.06.22, kl. 15.00

Førebels saker: orientering frå Landbrukets Hus Vindafjord AS, løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Digitalisering og IKT», plan for orienteringar til hausten.

Ølen/Aksdal, 04.05.22

Kristian H. Risset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær